

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F942	Knut Øyjordet	06.09.23	29/23

SØKNAD OM GRENSEJUSTERING AV SETERKVE – KJELL MAGNE STORVIK

Saksdokument:

1. Søknad frå Kjell Magne Storvik, e-post av 19.06.23.
2. Brev frå fjellstyret av 18.08.23 til Statskog.
3. E-post frå Statskog av 30.08.23 til fjellstyret.

Saksutgreiing:

Kjell Magne Storvik som driv garden Nordigard Storvik, og med seter ved Bessheim, søker om å kunne gjerde inn meir av seterkvea litt mot aust. Målt ut ifrå kartet som var vedlagt søknaden og som er lagt ved saka, så dreier seg om ca. 3 dekar. Det er tenkt at gjerdet vil gå etter den gamle traseen for seterkvea, der fleire av dei gamle stolpane også er synlege. I matrikkelen går grensa for seterkvea i skilje mellom ljøs og mørk blåfarge på kartet. I og med at grensene for den gamle kvea ikkje er heilt i samsvar med det som er innteikna i matrikkelen, så omfattar saka ei grensejustering. Derfor er søknaden sendt til Statskog for uttale. Storvik har nyleg starta opp med sauedrift, og med bruk av seterkvea til beite for sauen, som er på utmarksbeite i Besstrondfjellet beitelag sitt område.

Søknaden er sendt til Statskog til uttale. I e-posten frå Statskog står det m.a:

Det er snakk om en begrenset utvidelse på ca. 3 daa inntil eksisterende parsell. Statskog har ingen innvendinger til selve grensejusteringen. Selv om utvidelsen er beskjedent og er å betrakte som en mindre grensejustering, ber Statskog om at fjellstyret gjør vedtak etter seterforskriftens §§ 6 og 7, om utvisning av seter. Dersom fjellstyret åpner for en slik utvidelse av seterkvea, vil Statskog oversende rekvisisjon om grensejustering til Vågå kommune.

Saksbehandlar har sett på det aktuelle området for utviding.

Vurdering:

Den delen av seterkvea som er farga med blått på kartet er i praksis utmark i dag, og med ein del bjørkeskog. Dette arealet har ikkje vore i bruk til innmarksbeite på mange år. Men nå når det er starta opp at med dyr på garden, så er det forståeleg at det er ønskje om å gjerde inn heile kvea att. Det vil også gje lettare tilgang til vatn fordi det renn nokre bekkar her. Grensejusteringa blir vurdert til ikkje å kome i konflikt med anna bruksrettsutøving eller andre bruksinteresser.

Innstilling til vedtak:

Fjellstyret viser til søknad frå Kjell Magne Storvik og uttale frå Statskog, og gjev i medhald av §§ 6 og 7 i seterforskrifta løyve til ei mindre utviding av seterkvea slik som omsøkt. Fjellstyret grunngjev dette med at utvidinga vil vera meir i tråd den gamle gjerdetraseen for kvea, samt at Storvik nyleg har starta opp med sau, og har nå behov for å nytte heile kvea.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Kjell Magne Storvik

Statskog

Kopi til:

Kommunen v/landbrukskontoret

Vågåmo, 06.09.23

Knut Øyjordet (e.f)